



Interimsstyret for etableringa av VESTLAND REVISJON KOMMUNALE OPPGÅVEFELLESSKAP

Hovudkontor/Forretningsadresse: Hafstadvegen 42, 6800 Førde, Postboks 487, 6802 Førde – Dagleg leiar Terje Førde, tlf. 99229227

Til

Skei/Førde 26. aug. 2019

Kommunestyret Askvoll kommune v/Ordførar
Kommunestyret i Bremanger kommune v/Ordførar
Kommunestyret i Fjaler kommune v/Ordførar
Kommunestyret i Gloppen kommune v/Ordførar
Kommunestyret i Gulen kommune v/Ordførar
Kommunestyret i Hyllestad kommune v/Ordførar
Kommunestyret i Kinn kommune v/Ordførar
Kommunestyret i Høyanger kommune v/Ordførar
Kommunestyret i Luster kommune v/Ordførar
Kommunestyret i Sogndal kommune v/Ordførar
Kommunestyret i Solund kommune v/Ordførar
Kommunestyret i Stad kommune v/Ordførar
Kommunestyret i Stryn kommune v/Ordførar
Kommunestyret i Sunnfjord kommune v/Ordførar
Kommunestyret i Vik kommune v/Ordførar
Kommunestyret i Årdal kommune v/Ordførar

VAL AV REPRESENTANT OG VARAREPRESENTANT TIL REPRESENTANTSKAPET I VESTLAND REVISJON KOMMUNALE OPPGÅVEFELLESSKAP

Ovannemnde 16 kommunar har gjort politisk vedtak om å etablere eit interkommunalt revisjonssamarbeid som skal førestå alle lovpålagde revisjonstenester for kommunane. Kommunestyret/Fellesnemnda for kvar av kommunane har i likelydande sak vedteke samarbeidsavtala for det nye oppgåvefellesskapet. Interimsstyret er no i ferd med å etablere selskapet og formell stifting vil skje når kommunane har valgt sine representantar.

I samband med det konstituerande møtet i det nye Kommunestyret etter kommunevalet, er det viktig at kommunestyret føretek val av 1 representant og 1 vararepresentant til representantskapet i Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap. Særutskrift av vedtak/valet sendast terje.forde@kryssrevisjon.no.

Det er sær viktig at dette blir gjort av samtlege kommunestyre på det konstituerande møtet innan 30.10.2019. Vi tør derfor be om at sak om val av kommunen sin representant og 1 vararepresentant til representantskapet i Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap blir sett på saklista til det konstituerande møte i nytt Kommunestyre, der saka blir handsama etter val av Formannskap, Val av ordførar og Val av Kontrollutval.

Det nye revisjonssamarbeidet skal stiftast så snart alle kommunestyra har gjort vedtak om val av representant og vararepresentant. Interimsstyret og dagleg leiar vil førestå eit stiftingsmøtet. Så snart stiftingsmøtet i det nye revisjonssamarbeidet er gjennomført, vil representantskapet velje eit styre i tråd med samarbeidsavtala, og selskapet blir registrert i Brønnøysundregistra og dei øvrige offentlege registre, og operativt frå 01.01.2020.

Med helsing

Per Atle Kjøllesdal
Leiar i Interimsstyret

Trygve Jacobsen
Nestleiar i Interimsstyret

Terje Førde
Dagleg leiar i
Vestland Revisjon KO